

A wide-angle photograph of a potato field. In the foreground, large green potato leaves are visible, some with small white flowers. In the middle ground, several clusters of white potato blossoms with yellow centers are prominent. The background features a range of mountains under a cloudy sky.

*Erfaringar med varekvalitet  
etter eit år utan Reglone*

Ivar Bakken



# 2020 eit spesielt år?

Svært kald og våt mai saman med tørr og varm juni gjorde forventningane til årets potethausting låge i Sunndal.

I tillegg frykta vi store problem med ein potethaust utan Reglone.

Vanskeleg å konkludere etter dette året.



17. Maifeiring i Sunndal 2020  
Snøen kom 11.5. og låg ei litra veke



# Det gjekk betre enn frykta

- Spotlight Plus verka dårlegare enn venta?
- Under dårlege forhold (kaldt og overskya) verkar Gozai nesten ikkje?
- Periodar med varme og sol i september var til god hjelp i 2020😊
- Risknusing + Gozai i ein finversperiode med varme og sol er nesten like bra som Reglone?
  - MEN får vi nok varme i september kvart år?
  - Blir viktig med tidleg behandling (→ nok varme?)
- Naturleg modning blir og viktig.
- Ville nok fortsatt helst hatt Reglone.





# Jamt god kvalitet 2020!

- Svært lite overstørrelse
- Nokre få parti med mykje understørrelse
- LITE VORTESKURV
- **Mykje mindre sølvskurv enn siste åra**
- Problem med rustring i noko Beate og Nansen
- Hatt blautråte i 2 åkrar med Folva
- 2 parti med tørråte (mange år sidan sist)
- Litt stengelråte
- **MYKJE SKALMISFARGING**



# Mykje dårleg skal på alle sortar i Sunndal i 2020


Kerrs Pink 20.9.20  
12 Odden øst



Mandel 16.9.20  
2a1 Ween



Asterix 19.9.20  
36 Oppigard





# Vanskeleg å konkludere på skalkvalitet etter eit år utan Reglone

Nokre åkrar blir i Sunndal plukka på grønt ris til direktelevering i september.

- Også her registrerte vi langt därlegare skal enn tidlegare år.
- Vi trur at den spesielle sesongen førte til mykje umoden potet hos oss, faktisk for dei fleste sortar.





## Varekvalitet

Vi har enno for lite materiale til å kunne seie noko sikkert ut frå tala for skjærereprøvar av lagringspotet.

MEN: Sunndalspotet har eit system for kvalitetstrekk.

Vi trekkjer 5 øre pr %-poeng som «kg på pall-andelen» er lågare enn 60 %

Lite kvalitetstrekk i år:

Desember 2019            kr 21 400 i trekk frå 11 produsentar

Desember 2020            kr 1 900 i trekk frå 2 produsentar

Desember 2019: 73,0 % på pall -> 730 kg a 5,50 kr = 4 015 kr/tonn levert

Desember 2020: 78,6 % på pall -> 786 kg a 5,50 kr = 4 323 kr/tonn levert

ca. 550 tonn levert i desember både åra

-> eit tillegg på ca. kr 170 000 for 16 produsentar (ved 550 tonn + 31 tonn)



# Erfaringar frå andre potetpakkeri


Alle pakkeria er spent på verknaden av dei nye svimidlæ i ein haust med vått og kaldt vêr.

Potetpakkeriet Trøndelag:

- Eit år med betre skalkvalitet enn på lenge

Hvebergsmoen Potetpakkeri:

- Veldig bra skalkvalitet i år
- Mykje sollys (5-6 timer) etter sprøyting er viktig.



Åker i Sunndal svidd med Gozai i august for å stanse eit byrjande tørråteangrep (også risknust der funnet var)



## Lågen Potetpakkeri

- Ikkje dårlegare skalkvalitet enn tidlegare
- Hadde nok tid til sprøyting i år

## Håa

- Kvaliteten er betre i år
- Modninga har meir å seie enn sprøytemiddelet
- Optimale forhold (+/- 3 dagar med sol og varme) gir god effekt med risknusing + sprøyting med Gozai dagen etter. Nesten like bra som Reglone?





## Oppsummering:

- Potetkvaliteten er betre enn på fleire år.
- Vêrforholda under sprøyting med Gozai har svært mykje å seie.
- Kva skjer når vi får ein kald og vår haust.
- Dei nye midla treng lengre tid for å verke.
- Best modning
  - Knus riset og sprøyt med Gozai ganske raskt etterpå når det er meldt sol, varme og opphaldsvêr i 3-4 dagar
    - Da gir dette nesten like bra effekt som Reglone, men treng lengre tid?



Takk for meg

